

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Kontrollutvalet  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ fylkesrådmannen

## REVISORBREV 04 – 2017

På bakgrunn av gjennomført revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2016 inklusive årsoppgjersrevisjon, ser vi det som tenleg for fylkeskommunen og i samsvar med god kommunal revisjonsskikk å kome med ei oppsummering av dei feil og manglar revisjonen har avdekka. Vi vil og påpeika at fylkeskommunen er pliktig å ha gode interne kontrollrutinar på alle viktige område, og at ansvaret ligg hos den administrative leiinga i fylkeskommunen, jf. KL § 23, 2.ledd.

SF revisjon IKS har som Dykk kjenner til gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald eller andre merknadar for rekneskapsåret 2016. Vi har i revisjonsmeldinga stadfesta at rekneskapen er i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk. I dette brevet tar vi opp feil og manglar som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapet sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at vi meiner det er viktig at leiinga i fylkeskommunen blir gjort kjent med dei. Vidare er det tenkt som eit utgangspunkt for administrasjonen i fylkeskommunen til å setje i verk tiltak for å betre på rutinar og prosedyrar knytt til økonomi, løn og rekneskap.

Heimelen for at vi utarbeider dette nummererte revisorbrevet er § 4 i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. Det er Kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at dei tilhøva som vi har peika på blir følgde opp av fylkeskommunen – jf. § 8 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner. Vi vil følgja opp dei einskilde punkta i brevet og halda kontrollutvalet orientert om status i oppfølginga.

### 1. Bruk og avsetning til fond

#### 1.1. Avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen

I rekneskapskjema 1A er det netto avsett 211 mill. (246 – 34,9) til disposisjonsfond medan regulert budsjett viser 212,8 mill. (239,6 – 25,7); dvs at det er avsett kr 1,7 mill mindre enn budsjettert. Avviket har direkte verknad på årets rekneskapsmessige mindreforbruk som skulle ha vore 1,7 mill lågare. Rekneskapsansvarleg Alvhild Orvedal (her etter omtalt under forkortinga AO) har i e-post til SF-revisjon datert 17.08.2017 forklart avviket slik:

*Avsetjing til disposisjonsfond i driftsrekneskapen. Rekneskapsført 6,4 mill + renter Enøk fond 0,09 mill  
Bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen. Budsjettert 6,4 mill – dette er feilbudsjettering, skulle vore avsetjing til fond.*

*Agio konsesjonskraft 1,8 mill. Ft sak 66/15 omhandlar avsetjing av agiomidlar til dekning av framtidige agiotap. Bruk av fond er ikkje budsjettert i 2016.*

Kommunaldepartementet skriv i brev av 7. april 2010 til NKRF at avsetning og bruk av disposisjonsfond må rekneskapsførast i tråd kommunestyret/fylkestinget sitt budsjett jf. kommunelova § 46 nr 1 og § 47 nr 1 i det året fylkestinget har vedtatt budsjettet. Dei slår og fast i same brev at bruk og avsetning til fond må budsjetterast med beløp.

Unnataket er der underordna organ innanfor ei ramme i rekneskaps-/budsjettskjema 1B avset til fond eller brukar tidlegare avsette midlar.

Feilen har direkte verknad på fylkeskommunen sitt driftsresultat.

Vi vil understreka at fylkeskommunen for seinare år må syta for at alle budsjettvedtak om avsetning og bruk av frie fond blir vedteke med beløp, og at rekneskapsføring blir gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav.

### **1.2. Bruk av fond i investeringsrekneskapan**

Av rekneskapskjema 2A og økonomisk oversikt investering, går det fram at det er satt av til ubundne investeringsfond kr 288 368 230 mot budsjettert 282 000 000.

Det er i tillegg nokre mindre avvik mellom bruk av ubundne investeringsfond og budsjettert på 540 000 og 22 405. Dette skuldast m.a. nokre feilføringar frå tidlegare år.

På same måte som i driftsrekneskapan må bruk og avsetting til ubundne fond i investeringsrekneskapan gjennomførast i tråd med årets opprinnelege og regulerte budsjett. I investeringsrekneskapan er det ikkje høve for underordna organ å avsetta til- eller bruka av- frie fond.

Vi fekk følgjande kommentar frå AO datert 17.08.2017:

*Bruk av fond i investeringsrekneskapan. Budsjettvedtak på 5 mill til kjøp av aksjar i FT sak 06.12.2016, Endringar i kapitalbudsjettet. Vedtaket er ikkje registrert i økonomisystemet.*

*Avsetjing til fond i investeringsrekneskapan. Unytta bompengar er avsett til fond kr 1,368 mill. Det er tilfeldig at sum samsvarar med momskompensasjon.*

Fylkeskommunen må også her syta for at budsjettering og rekneskapsføring av fond blir gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav samt sikre at kolonnen for regulert budsjett i rekneskapan vert sett opp i samsvar med budsjettvedtak.

## **2. Dokumentasjon av Balanse**

Etter Bokføringslova § 11 og Norsk Bokføringsstandard NBS nr 5 skal alle balansepostar dokumenterast med mindre dei er ubetydelige.

### **2.1 Ekstern dokumentasjon av langsiktig gjeld**

Det står oppført i balansen 2 178 379 170 i langsiktig gjeld. Av dette utgjør 1 419 740 000 Ihendehaverobligasjonslån og Sertifikatlån. Disse er ikkje dokumentert med ekstern stadfesting. Vi vil gjere dykk merksam på at dokumentasjon som t.d. e-postar med vedlagte rekneark ikkje er å sjå på som tilfredsstillande ekstern dokumentasjon i forhold til Bokføringslova sine krav. I følgje Forskrift om bokføring § 6-2 skal dokumentasjon av lånegjeld innehalde oppgåver frå finansinstitusjonar over mellomværande.

For slik type mellomværande/lån er det viktig å opprette ein VPS-konto og VPS Investortenester. På ein VPS-konto blir organisasjonens verdipapir oppbevart på ein trygg og sikker måte, enten det er VPS- registrerte aksjar, fond, eigenkapitalbevis, obligasjonar eller sertifikatlån. VPS Investortenester gir organisasjonen full oversikt over VPS-konti der den har sine VPS-registrerte verdipapir. Endringsmeldingar, årsoppgåver, melding om utbetaling og selskapsmeldingar kan ein få elektronisk eller ein kan velje å få dei på papir.

I følge rekneskapsansvarleg arbeider dei for å få oppretta ein VPS-konto med Investortenester slik at ein kan få framlagt ekstern dokumentasjon for slik type lån.

## 2.2 Kontrollspor av balansepostane

I følge Lov om bokføring § 6 skal alle bokførte opplysningar lett kunne følgjast frå dokumentasjon via spesifikasjonar frem til pliktig rekneskapsrapportering.

Det blei ikkje lagt fram dokumentasjon over alle balansepostane som synte eit kontrollspor mellom balansen og dokumentasjon av balansen. Kravet til kontrollspor kan t.d. vere:

- Ein ringperm der skillearka er merket med kontonummer eller balansepost (namn på rekneskapslinja)
- Filer som blir oppbevart i katalogar og med filnamn som klart syner til kva for balansepost og kva for rekneskapsår dokumentasjonen gjeld.
- Programvare som er særskilt utvikla for å ivareta krav til dokumentasjon av balansen, her under kravet til kontrollspor

For andre fordringar og gjeld skal det utarbeidast liste over kven fordringane og gjelda vedkjem. Desse listene skal også vere vurdert i forhold til om det er behov for nedskriving av fordringane. Dette vil også gjelde andre fordringskonti enn kunderskontro og leverandørgjeld.

Fylkeskommunen må laga seg system som sikrar at alle vesentlige balansepostar er avstemt og dokumentert i samsvar med NBS nr 5.

NBS (Norsk bokføringsstandard) nr 5 gir elles god rettleiing på dokumentasjon og oppbevaring.

På enkelte konti som ikkje er knytt til reskontro, manglar det tilfredsstillande dokumentasjon. I tillegg syner fleire av kontiane at det ikkje har vore bevegelse i året, noko som kan tyde på at det er behov for ei vurdering av om fordringa er reell. Det same gjeld enkelte konti som er brukt til periodisering.

## 3. Verdien av fylkeskommunen sin aksjeportefølje avstemt mot Aksjeoppgåva

Fylkeskommunen sine aksjar slik dei er presentert i note 5 er ikkje i samsvar med aksjeoppgåva for 2016. Vår avstemming syner to type avvik mellom aksjeoppgåva og note 5; 1) enkelte aksjepostar er ikkje med i aksjeoppgåva og 2) formueverdien mellom rekneskapen og årsoppgåva stemmer ikkje. Det største avviket er relatert til F1 Holding AS der rekneskapen syner 1 472 500 mens aksjeoppgåva syner 33 539 572,-. Vi vil foreslå at fylkeskommunen for ettertid avstemmer aksjeoppgåva mot rekneskapen, og eventuelt gjer reie for årsaka til avvika mellom nota og aksjeoppgåva.

Vi fekk følgjande kommentar frå AO datert 17.08.2017:

*Verdi av aksjeportefølje avstemt mot Aksjeoppgåva. Aksjeoppgåva er ikkje tilgjengeleg for medio mars. Verdi som står i note 5 er marknadsverdi tilsvarande vår andel av eigenkapital frå rekneskap 2015, jf. merknad i note, m.a. difor denne store skilnaden på f.eks F1 Holding AS og Sogn og Fjordane Energi AS.*

## 4. Bundne fond og renter

Vi har hatt ein gjennomgang av midlar ståande på bundne fond. Renter skal tilleggas det einskilde fond dersom fylkestinget har gjeve retningslinjer for det eller det har vore eit eksplisitt krav frå tilskotsgeivar. Vår gjennomgang har synt at det er fleire konti kor det ikkje er ført rentar, og har på bakgrunn av det bedt om å få framlagt fylkeskommunen sine retningslinjer for korleis rentene skal førast på den einskilde konti. Vi fekk følgjande svar frå Alvhild Orvedal:

«Eg har plukka ut nokre tilskotsordningar der det er til dels store summar for å vise krav om renteavsetjing. Krav om øyremerka midlar skal setjast av på rentebærande konti eller tilsvarande fylgjer tilsegnene eller viser til prop eller retningslinjer i dep. Eg meiner det var eit rundskriv som i si tid lista opp ulike tilskot og viste til at tilskot tilsvarande skulle avsetjast til beste rentebærande konti- det har eg ikkje funne nå.»

Slik vi ser det har ikkje fylkeskommunen tilfredsstillande system som sikrar at renter blir avsett til/ført på dei bundne fond i samsvar med krava til tilskotsgjevar og/eller andre gjeldande retningslinjer. Også fondskonti skal dokumenterast. For bundne fond bør det gjerast med grunnlaget for avsettinga og vilkåra/statuttane for at midlane er bundne.

## 5. Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkane og dei vidaregåande skulane

Vi syner til tidlegare revisorbrev der vi har påpeikt mangelfulle rutinar ved avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannliknikkar

Ved gjennomgang av dokumentasjonen av balansepostane pr. 31.12.2016 finn vi framleis ein del mangelfulle avstemmingar.

## 6. Føring av anleggsregister

I revisorbrev for 2012 og 2013 skreiv vi:

*I samsvar med tidlegare praksis er enkelte mindre investeringar som inventar og maskiner og utstyr slegne saman for kvar år. Til domes «opplæringsutstyr 2011», «tannhelseutstyr 2011» og «Brannvern 2011», og på same måte er alle veginvesteringane for 2011 ført opp i ein post.*

*Rekneskapsforskrifta § 8 og KRS 9 om nedskriving, krev at det ved kvart årsskifte skal vurderas om anleggsmidelet har hatt eit verdifall som ikkje er forbigåande og i tilfelle skal verdien nedskrivas til verkeleg verdi. Eksempel på slik varig verdinedgang kan vera brann. Dersom det er brann ved ein skule er det vanskelig å fastsetta kva verdi inventaret står bokført med og som skal ned skrivast til 0.*

*For mindre inventar som ikkje enkeltvis har ein vesentlig verdi opnar KRS 4 for at fellesanskaffingar som inngår i et samla system med same bruksformål kan i forhold til vesentlig grensa sjåast som eit driftsmiddel. Det betyr at inventar innkjøpt til ein skule eller ein tannklinikk kan sjåast på som ein anskaffing.*

Det kjem fram av anleggsregisteret kva tannklinikk, veg og skule investeringane gjeld. Det er og nytta same metode på IKT utstyr ol. Dette at det blir spesifisert for kvart år kor investeringane er gjennomført, er ein klar forbetring, men etter vår meining kunne ein oppdeling av anleggsregisteret i kvart anleggsmiddel/lokasjon i staden for årstalet, gitt eit meir oversiktleg anleggsregister.

Vi vil foreslå at fylkeskommunen fortsetter sitt arbeid med å få til eit anleggsregister som gir tilstrekkeleg opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr 9.

Med helsing frå

  
Marianne Vara

revisor